

Protokoll frå møte i Ottadalen Villreinnemnd

Møtedato : Sendt medlemmane for uttale.
Møtestad :
Møtetid : Frist for merknader 15. september 2010

Sakliste:

14/10 Breheimen nasjonalpark – Luster austre statsallmenning
Fjerning av merka sti Trulsbu – Illvatn.

Johan Berge
Leiar

Bjørn Dalen
Sekretær

Kopi til pr. e-post: Direktoratet for naturforvaltning, 7074 Trondheim
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Oppland fylkeskommune, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 6863 Leikanger
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Pb.988, 2626 Lillehammer
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Ottadalen villreirutval v/Knut Granum, 2690 Skjåk
Presseorgan etter liste.
Kommunane

Saksnummer/år: 14/10	Villreinnemnda for Ottadalen
Møtedato: september 2010	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Breheimen nasjonalpark – Luster austre statsallmenning
Fjerning av merka sti Trulsbu – Illvatn.

Saksdokument:E-post med vedlegg frå Statsskog SF v/ Kjell Inge Skjerveggen.

Statsskog SF v/Kjell Inge Skjerveggen har oversendt referat m.m frå synfaringa den 11.08.2010. I Syn faringa deltok Kjartan Kvien frå villreinnemnda. Skjerveggen skriv i s-posten sin:

”Vedlagt fylgjer referat frå møte/synfaring 11.08.2010 saman med eit notat med historisk oversyn over saka. Vi bed om merknader/nytt vedtak i saka innan 1. oktober 2010. Vert også sendt pr. post til uttalepartane.”

Historisk oversyn framlagt i møte av Statsskog SF v/Kjell Inge Skjerveggen:

- Brev av 16.06.97 til Statsskog Oppland: Søknad om **opprettholdelse** av ruta Trulsbu-Illvatnet. Det vert opplyst at ruta vart merka tidleg på 90-talet i samband med oppføring av Trulsbu.

Sitat:

Det foreligger helt klare rutiner for hvordan saksgang skal være ved nymerking. Hvorvidt disse rutinene ble fulgt har vi ikke vært i stand til å få bekrefte, da vedkommende som den gang var ansvarlig for rutenettet ikke lenger arbeider hos DNT. Det eneste som finnes hos DNT er kopi av meldingen til Fylkesmannens miljøvernavdeling i forbindelse med søknad om spillemidler.

Ruta er nå en vel etablert del av DNT's rutenett i Breheimen, er omtalt i Til Fots og trykket på både turkart og planleggingskart. Det ville være svært uheldig for fotturistene om ruta må nedlegges.

DNT søker herved om tillatelse til å opprettholde merkingen av ruta.

- Fjellstyret for Luster austre statsallmenning fekk søknaden til uttale, og har i møte 18.12.97 uttala fylgjande:

Sitat:

Ferdsel i dette området er svært uheldig for villreinen si utnytting av området. Spesielt har området i Luster dei siste åra vore skadelidande fordi reinen mest ikkje trekkjer inn i Luster. Dette har ført til at ein stor del av Ottadalen villreinområde no mest ikkje vert nytta av villreinen. Dette er til stor skade for villreinstamma og for rettighetshavarane i Luster.

Fjellstyret for Luster austre statsallmenning vil sterkt gå imot oppretthalding av denne ruta og vil be Statsskog Oppland forlanga at merking av den ulovleg oppretta ruta vert fjerna.

Vi vil også be om at villreinutvalet og Villreinnemnda for Ottadalen får saka til uttale. Dei burde i høgste grad vera høyringsinstansar i denne saka. Hovedutval for landbruk og miljø i Luster kommune bør også få saka til uttale. (Vedlagt kartutsnitt med innteikna trekkruter.)

I brev av 20.01.98 til DNT, utset Statskog slutthandsaming av saka til det føreligg uttale frå dei organa fjellstyret nemner, og at det føreligg ei vurdering av alternative ruter.

- Ottadalen Villreinutval har i møte 26.01.98 slutta seg fullt ut til fjellstyret sitt vedtak, og legg til fylgjande:

Sitat:

Her berøres viktige utkantområder med betydelig beitepotensiale, og området er ekstra viktig da det tangerer kjernområdet for fostringsflokkene. Forstyringer her kan føre til at villreinen skyr området, bukkene kan utestenges fra viktige beiteområder i Luster og fostringsflokkene kan bli presset slik at de unngår området og får et enda mindre bruksområde. Dette ruteforslaget stemmer dårlig med DNT's gjeldende politikk med hensyntagende til villrein. Villreinutvalget vil i tillegg understreke ønske om å få uttale seg når ruter oppmerkes/endres.

- Ottadalen villreinnemnd har under sak 1999/07 i møte 16.-17.04.1999 uttala fylgjande:

Sitat:

Ottadalen villreinnemnd vil på det sterkeste gå i mot den ulovlig oppretta turruten mellom Illvatnet og Trulsbu, da denne er i konflikt med viktige trekkveier for villrein.

- I brev av 05.07.99 til Statskog Oppland, ber fjellstyret om at Statskog snarast tek opp saka på nytt og krev fjerning av den ulovleg merka turruta. I møte 19.02.2001 etterlyser fjellstyret saka på nytt uten at dette er vorte fulgt opp. Etter ein ”dvale” på mest 5 år, tek fjellstyret på nytt opp saka i møte 5.12.2006 og krev at DNT vert pålagt å fjerna merkinga av ruta omgåande. (Forvaltninga av statsallmenningane i Luster er i mellomtida igjen overført til Statskog sitt kontor i Bergen.)

I brev av 11.12.2006 konkluderer Statskog med at sidan det har gått så lang tid vil vi gjerne ha ein ny gjennomgang av saka for å sjå på alternative løysingar for rutevalget, evt. andre tiltak som kan tilgodesjå villreininteressene. Det var og aktuelt med synfaring i området, men av ulike grunnar har denne vorte utsett til no.

Som bakgrunnsopplysningar har DNT presentert overnattingstal for Trulsbu, som i åra 2002-2006 varierer mellom 188 og 221 overnattingar totalt. Av desse var det i 2005 17 (89) og i 2006 72 (124) som har oppgjeve at dei har brukt stien mellom Trulsbu og Illvatn, m.a.o. svært liten trafikk. DNT meiner likevel at det er viktig å oppretthalde denne stien (evt. etter omlegging) då turen frå Sotaseter til Nøsdstedalseter er svært lang.

DNT har elles eit sterkt ynskje om å byggja ny turisthytte ved Illvatnet, eit ynskje som vart fremja allerede midt på 90-talet.

- I samband med oppretting av Breheimen nasjonalpark (Kgl. res av 07.08.2009), er det i utgreiinga sagt fylgjande:

Sitat:

Fylkesmannen i Sogn- og Fjordane merker seg at det er få som går ruta mellom Trulsbu og Illvatn, men ser nytten av ein merka sti. Fylkesmannen meiner dette må avklarast gjennom forvaltningsplanen, prosjektet som ser på korleis få villreinen tilbake i Luster sin del av Otadalen villreinområde, og tilhøvet til villrein etter at DNT og Fjellstyret/Statskog har avklara dei privatrettslege tilhøva for stien som er merkt i dag. Då vil ein også kunne avklare om stien bør leggjast etter ei anna rute, som lenger sør for Illvassnosi.

Ny vurdering i villreinnemnda:

Kartet under viser med blå stipla line den stigen som det er krav om blir lagt ned.



Stig som må leggjast ned – blå merka line på kartet.

Villreinnemnda behandla og saka att i møte den 24.april 2010 - sak 6, og nemnda gjorde følgjande vedtak:

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak 24.april:

Ruta er i konflikt med viktige trekkvegar for villreinen.

For å kome vidare bør ein få til eit møte mellom DNT og dei andre partane for å få diskutert saka.

Nemnda kjem tilbake til saka under synfaringa i området i sumar (2010).

Nemnda viser ellers til vedtak gjort i sak 07/1999.

Villreinnemnda ser positivt på at Statskog har grepe fatt i saka og fått til synfaring i området med påfølgjande møte.

Det er ingen grunn til at nemnda skal endre tidlegare standpunkt i saka. Stigen må leggjast ned. Det er heller ikkje noko alternativ trase som kan knyte saman stignettet aust-vest i området. Stigen frå enden av den gamle anleggsvegen i Meddalen og til

Trulsbu er eksisterande og følgjer stort sett den gamle kløvvegen frå middelalderen. Den passerer også Medalsbua som turistforeininga og private interessantar har restaurert. Stigen frå Illvatnet og om Fivlemyrane er også intakt. I tillegg har DNT rute over Fortundalsbreen. Ein ser at DNT ut ifrå sin ståstad kan ha eit problem med at avstanden frå Sota til Trulsbu kan bli vel lang å gå for mange.

Konklusjon:

Mengda av inngrep i området er så stor at nemnda ikkje ser moglegheit for tilrettelegging av fleire. Det er eit sterkt ynskje om å få villreinen til å etablere seg fast att i fjellområda mellom Fortundalen og Jostedalen, men da må ein unngå fleire inngrep og forstyrningar i dette området. Derfor er og fleire hytter og stigar i området uaktuelt, slik nemnda ser det.

Villreinnemnda sitt vedtak:

Villreinnemnda har følgjande innspel til saka:

1. Eksisterande rute frå Illvatnet til stigkryss på Vetldalsbandet må leggjast ned.
2. Villreinnemnda ser ikkje noko alternativ for omlegging av stigen. Nye stigar i området vil også vere i konflikt med villreinens bruk av området.
3. Villreinnemnda vil allereie no signalisere at ny hytte i dette området vil vere i konflikt med villreinens bruk av området. Ved eventuelle planar om dette skal villreinnemnda ha dei oversendt til vurdering.

Utskrift sendt: Statsskog SF v/Skjerveggen